



Planident : 80028
Datert : 15.09.78
Vedteke i kommunestyret : 06.10.80
Stadfesta av fylkesmannen : 11.11.80

FRÆNA KOMMUNE
REGULERINGSFØRESEGNER FOR
REGULERINGSPLAN
SANDBLOST

§ 1 Det regulerte området som på planen er vist med reguleringsgrense er nytta til:

Byggeområde

Bustader

Offentleg formål (barnepark)

Trafikkområde

Vegar for køyrande og gåande trafikk.

Friområde

Leikeplassar, gangsti.

Spesialområde

Leplanting.

§ 2 **OMRÅDE FOR BUSTADBYGGING**

- a. I området kan oppførast bustadhus og garasjar. For bustadhusa er etasjetalet vist på planen Garasjar skal oppførast i ein etasje.
- b. Plassering av hus er fastsett i planen. Form, lengde og breidde på bygningane skal ikkje avvika i særleg grad frå det som er vist på planen.

§ 3 **OMRÅDE FOR OFFENTLEG FORMÅL**

I området kan det oppførast bygg i ein etasje. Maksimal utnyttingsgrad er 0,25.

§ 4 FELLESFØRESEGNER

- a. Bygningane skal ha saltak. Møne/lengderetning på bygningane er vist på planen. Takvinkel skal vere 20 - 30 grader. Dersom det er semje innan ei husgruppe, kan bygningsrådet godkjenne annan takvinkel.
- b. Ferdig grunnmur/underkant golv i hovedetasje skal ha største kotehøgd som spesifisert på planen for kvar enkelt tomt.
- c. Høgda på bygningane over ferdig grunnmur/overkant golv i hovedetasje må ikkje overstige 5,5 m for hus med 1 etasje og 8,5 for hus med 2 etasjar.
- d. Bygningsrådet skal ved handsaming av byggjemeldinga sjå at bygningane får ei god form og materialbehandling og at bygningane i same gruppe harmonerer med kvarandre.
- e. Gjerde mot veg med over 70 cm's høgd skal godkjennast av bygningsrådet. Utvendige tørkeplassar må skjermast og helst byggjast saman med bustadhus, med same materiale og farge.
- f. Grense mot veg kan og markerast med planting, men ikkje slik at det er til ulempe for avkjørsel til offentleg veg.
- g. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på.

§ 5 Bygningsrådet kan, når særlege grunnar talar for det, gje løyve til mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene, innafor ramma av bygningslovgjevinga og bygningsvedtektene for Fræna kommune.